



Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
Att. Tord Solvang

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale til avgrensa høyring - mellombels senking av Strandvatn og Storetjern under LRV, Lysebotn II kraftverk, Forsand kommune

Fylkesmannen legg til grunn at NVE vil krevje gradvis senking av vasstanden. Vi rår til at det blir sett vilkår om bruk av siltgardin under arbeida.

Vi viser til e-post av 21.06.19, der Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sender Lyse Produksjon AS sin søknad om løyve til mellombels senking av Strandvatn og Storetjern under LRV på ei avgrensa høyring.

Bakgrunn

Lyse Produksjon AS (Lyse) søker om løyve til mellombels senking av Strandvatn og Storetjern i Forsand kommune under LRV i perioden 1. august til 31. oktober 2019. Tiltaka vil innebære ei senking av vatna opptil 4,3 meter under LRV over ein periode på inntil åtte veker. Føremålet med senkinga er behovet for å fjerne finmassar som er avsett ved inntaket til Lysebotn II kraftverk. Dette med bakgrunn i at finmassane fører til omfattande skadar på turbinar og hjelpeutstyr til kraftstasjonen.

Fylkesmannen si vurdering

Ei nedtapping vil føre til ei ytterlegare tørrlegging av standsona til vatna. Dette vil som Lyse sjølv påpeiker forsterke tapet av næringsområde for aure. Espen Enge viser i sin rapport frå fiskeundersøkingar i Strandvatnet av desember 2016 til at vatnet med sine hyppige vasstandsvariasjonar typisk har luftinsekt som dominerande næringsemne. For uregulerte fjellvatn som dette ville vassinsekt normalt sett ha vore ein større del av dietten. Rapporten til Enge viser likevel at bestanden av aure er overbefolka, med småfallen, relativt mager fisk.

Behovet for utsleppsløyve må avklarast mellom Lyse og Fylkesmannen i ei eiga sak. Uavhengig av denne vurderinga rår vi likevel NVE til å setje vilkår om oppsett av siltgardin for å avgrense



partikkelspreiinga som følge av tiltaket. Dette spesielt med tanke på spreiking av partiklar frå sprengstein, som kan gi dødelege skadar på gjeller hos fisk og andre vasslevande organsimer som pustar med gjeller.

Så fremt NVE stiller vilkår om gradvis senking av vasstanden, slik at ein unngår stranding av fisk, har Fylkesmannen elles ingen vesentlege merknader til søknaden.

Av omsyn til fylkeskommunen sitt ansvar for innlandsfisk av ikkje-trua bestandar og deira rolle i arbeidet med friluftsliv, bør Rogaland fylkeskommune òg få høve til å uttale seg om ovannemnte planar.

Vi ber om at NVE sender oss kopi av vedtaket i saka.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg
fung. seksjonsleiar

Annette Fosså
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Tord Solvang

Forsand kommune

Fossanvegen 380

4110

Forsand

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger